



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel
ved anskaffing av:

**HFK- Kultur- og idrettsavdelinga.
Kapellmeister og husband under UKM-festivalen i Hordaland 2017**



FØRESPURNAD UNDER NASJONAL TERSKEL	1
VED ANSKAFFING AV:	1
1 OPPDRAGET OG ADMINISTRATIVE FØRESEGNER	3
1.1 Om Oppdragsgjevar	3
1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson	3
1.3 Anskaffinga gjeld	3
1.4 Tidsplan	4
2 KRAV TIL LEVERANDØRANE - KVALIFIKASJONSKRAV	4
3 KRAV TIL YTINGA OG TILDELINGSKRITERIUM	5
3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen	5
3.1.1 Generelt om leveransen	5
3.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt	5
3.1.3 Kontrakt	6
3.2 Tildelingskriterium	6
4 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	7
4.1 Anskaffingsprosedyre	7
4.2 Krav til tilbudet og innleveringsstad	7
4.3 Tilbudsfrist	8
4.4 Vedståingsfrist	8
4.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving	8
4.6 Innsyn i dokument	8
5 VEDLEGG	8

1 Oppdraget og administrative føresegner

Hordaland fylkeskommune inviterer dykk til å delta i konkurranse om anskaffing av ein kapellmeister og husband til UKM-festivalen i Hordaland for 2017.

1.1 Om Oppdragsgjevar

Organisasjonen Hordaland fylkeskommune (HFK) består av Fylkesadministrasjonen, Bybanen Utbygging, Skyss, om lag 435 vidaregåande skular, og 6 tannhelsedistrikt med totalt 56 tannklinikkar.

Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen i Hordaland vert avvikla kvart år.

UKM (Ung Kultur Møtes) har utvikla seg til å bli det som i dag sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM er mange små lokale festivalar der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. UKM skal vere Noregs viktigaste møteplass for ung kultur.

Vidare er fylkeskommunen m.a. ansvarlig for rettleiing som fylkeskontakt for kommunanes lokale UKM arrangement, fungere som eit mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt, bidra med nettverk og kompetanse med tanke på utvikling av UKM-konseptet, samarbeide med URG (ungdommens ressursgruppe) representantane i Hordaland om utviklingstiltak, og planlegge og gjennomføre reise til UKM-festivalen (landsfestivalen) i juni kvart år.

I 2017 arrangerer Hordaland fylkeskommune UKM-festivalen i Hordaland på USF Verftet 28.-30.april.

1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er:

Namn:	Marianne Ose Askvik (tlf: 55 23 95 43)
Postadresse:	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
e-post	marianne.ose.askvik@hfk.no

Det skal ikkje være kontakt / kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar enn nemnde kontaktperson.

1.3 Anskaffinga gjeld

Kapellmeister og husband til UKM-festivalen i Hordaland 28.-30.april 2017. Førebuing av arbeidet vil gjelde frå 13.mars 2017. Utfyllande skildring av anskaffinga framgår av pkt 3.

1.4 Tidsplan

Aktivitet	Tidspunkt
Invitasjonen sendt til tilbydarar	29.11.16
Frist for å levere tilbod	16.12.16 kl. 12.00
Eventuelle forhandlingar	Veke 1 og 2 2017
Tilbodsevaluering og val av tilbod	Veke 2 og 3 2017
Kontraktinngåing	Veke 4 2017
Oppstart av kontrakt	03.03.17

2 Krav til leverandørane - kvalifikasjonskrav

Leverandøren sine kvalifikasjonar vil bli vurdert ut frå innlevert dokumentasjon. Det er berre leverandørar som er kvalifisert som vil få sine tilbod evaluerte.

Besetning i husband: gitar, trommer, bass, keyboard/piano.

Kapellmeisteren skal i sitt tilbod presentere eit husband til UKM-festivalen i Hordaland 2017. Presentasjonen skal innehalde:

- Namn på valte musikarar til husbandet.
- Kvalifikasjonar til musikarane i husbandet.

Å være kapellmeister til eit husband under UKM-festivalen i Hordaland inneberer følgjande oppgåver:

- Administrator av husbandet.
- Planleggje for, og administrere, husbandet til UKM-festivalen i Hordaland 2017.
- Ansvarleg kontaktperson til fylkeskontakt for UKM i Hordaland og til produsent av UKM-festivalen i Hordaland.
- Kontakt / Dialog med UKM-deltakarar som ønskjer å nytte tilbodet om å spele med husbandet under UKM-festivalen i Hordaland 2017.

For husbandet som vert nytta under UKM-festivalen i Hordaland 2017 inneberer følgjande oppgåver:

- Samkjøre husbandet med deltakerane til UKM-festivalen i Hordaland 2017 sitt repertoar.
- Øve inn utvalt musikk saman med deltakerar 28.april 2017.
- Akkompagnere deltakerar under UKM-festivalen i Hordaland 29. og / eller 30.april 2017.

I desse oppgåvene er det eit føremon at musikarane i husbandet er erfarne, strukturerte og har pedagogiske evner. I nokre tilfelle stiller deltakerar med noter, medan for andre må husbandet sjølv teikne notebiletet frå t.d. youtube-lenkjar.

UKM-festivalen i Hordaland har offisielt program opent for publikum 29. og 30.april. Sceneinnslag vil vere i Røkeriet på USF Verftet begge dagane. Det er mogleg at Sardinien på USF også vert nytta til sceneinnslag. Fredag 28.april er sett av til scenetekniske prøver i Røkeriet på USF. Det vil denne dagen vere høve for å øve inn

musikk med deltakerar som ønskjer å spele med husbandet. Det kan og vere eit behov blant deltakerar å ha øvingstid med husbandet før 28.april.

Kor mange deltakerar som vil verte aktuelle å nytte seg av tilbodet om å bli akkompagnert av eit husband under UKM-festivalen 2017 er ikkje klart før 3.mars 2017. Sjå pkt. 3.2.1.

Hordaland fylkeskommune betalar for reise og opphald for kapellmeister og husband under UKM-festivalen i Hordaland. Dersom det vert behov blant deltakerar å ha øvingstid med husbandet før 28.april vil Hordaland fylkeskommune betale for reise og opphald for kapellmeister og husband til dette.

3 Krav til ytinga og tildelingskriterium

3.1 Kravsspesifikasjon/skildring av leveransen

3.1.1 Generelt om leveransen

Hordaland fylkeskommune har det overordna økonomiske ansvaret for UKM i Hordaland og er ansvarleg for gjennomføringa av UKM-festivalen i Hordaland.

For UKM-festivalen i Hordaland 2017 er det eit ønskje å tilby deltakarane moglegheita om å spele med eit profesjonelt husband. Vi har tidlegare opplevd at mange deltakarar står aleine med playback og vi vil styrke deira oppleving på scena ved å tilby dei eit band å spele med. Denne moglegheita vil vi opne for både dei som spelar i eit mindre band, og dei som opptre aleine på scena. Å kunne spele i lag med profesjonelle musikarar meiner vi vil gi ein endå betre oppleving for musikkdeltakarane.

Kapellmeister har ansvar for husbandet og oppgåvene knytt til dette er presentert i pkt. 2.

3.1.2 Gjennomførings- og leveringstidspunkt

Ytingane skal utførast i perioden 03.03.2017 – 30.04.2017.

Dato for UKM-festivalen i Hordaland 2017 er 28.-30.april, der 28.april er sett av til scenetekniske prøver. Det er eit føremon at husbandet har lært seg aktuelle musikkinnslag i forkant av 28.april.

Deltakarar som går vidare frå kommunane til UKM-festivalen i Hordaland er klart 3.mars 2017. Kor mange av desse deltakerane som ønskjer å nytte seg av tilbodet om husband er ikkje mogleg å gi eit tal på før inngåing av kontrakt med husband.

Deltakerane som ønskjer å spele med husbandet under UKM-festivalen i Hordaland 2017 vil få ei dato for frist (kapellmeister får høve til å setje denne) til å sende frå seg noter, besifring, filer og lenkjer til arrangementsansvarleg for UKM-festivalen i Hordaland. Fylkeskontakt eller produsent for UKM Hordaland sendar desse vidare til kapellmeister.

UKM-festivalen i Hordaland 2016 var fyrste året UKM-deltakarar fekk tilbod om å spele med eit profesjonelt husband. 14 deltakar-innslag nytta seg av tilbodet den gong. Kapellmeister hadde 16 arbeidstimer knytt til førebuinga. Husbandet (kapellmeister og dei andre musikarane) hadde til saman 32 arbeidstimar dei nytta til prøver i forkant av UKM-festivalen i Hordaland 2016.

3.1.3 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av vedlagte kontraktsvilkår.

3.2 Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt skal skje på basis av kva for eit tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige ut ifrå følgjande kriterier:

Tildelingskriterium	Prioritet/vekt
Kvalitet	1
Service og levering	1
Relevant erfaring	2

I vurdering av tilbodet vil kvalitet, service og levering verte vektlagt høgst. Relevant erfaring er og eit viktig vurderingsmoment.

Kort forklaring av kriteria:

Kvalitet: Kompetanse til musikarane i husbandet.

Service og levering: Evne til å gje unge og uerfarne utøvarar ei trygg ramme og den musikalske støtta dei treng for å yte sitt beste.

Relevant erfaring: Kva evt. erfaring musikarane i husbandet har av liknande oppdrag, og evt. samarbeid med unge og uerfarne utøvarar.

Når det gjeld pris, er det teke utgangspunkt i Musikernes Fellesorganisasjon sitt «Frilans smartkort». Hordaland fylkeskommune har følgjande honorar å tilby dei involverte i husbandet:

Honorar per musikar per dag (28.-30.april): **5600 kroner**

Honorar til kapellmeister per dag (28.-30.april): **7 100 kroner**

Honorar per person per øvingstime: **600 kroner**

Honorar til kapellmeister for eiga arbeid per time: **600 kroner**

Pris er difor ikkje eit tildelingskriterium i denne anskaffinga.

4 Regler for gjennomføring av konkurransen

4.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffinga si berekna verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 500 000 ekskl. mva. og er fritaken frå kunngjøringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelege føresegner (del I) og dei føresegnene som følgjer av dette konkurransegrunnlaget.

Forhandlingar

Oppdragsgjevar tek atterhald om å invitere tilbydarane til forhandling/samtale etter tilbodsinnlevering. Forhandlingar vil i så fall bli gjennomførte i samsvar med dei grunnleggjande krava i FOA § 3-1 og reglane om teieplikt i § 3-6.

Etter eventuelle forhandlingar er avslutta, vil tilbydarane kunne levere eit revidert tilbod.

Oppdragsgjevar oppmodar tilbydarane om å gi sine beste prisar i første tilbod, då forhandlingar i denne konkurransen er ein opsjon for oppdragsgjevar.

4.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad

Leverandør kan sjølv velje om ein vil levere tilbodet på papir eller epost.

Innlevering på papir:

Tilbodet skal leverast på norsk og i lukka og merka forsending. Tilbodet skal merkast «HFK-Kultur- og idrettsavdelinga, Kapellmeister og husband UKM 2017» v/ Marianne Ose Askvik. Skal berre opnast av adressat.»

Innlevering på epost:

Tilbodet skal leverast på norsk. E-posten skal merkast «HFK-Kultur- og idrettsavdelinga, Kapellmeister og husband UKM 2017».

Ved innlevering skal det følgje med et tilbodsbrief som skal være datert og signert av person med fullmakt, kor det tydeleg skal gå fram:

- Leverandøren sitt namn
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald med tilvising til kvar i tilbodet atterhaldet finst

Tilbodet skal leverast til:

Namn: Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, seksjon
for kunst- og kulturformidling
Adresse: Postboks 7900, 5020 Bergen /
e-postadresse: hfk@hfk.no

4.3 Tilbudsfrist

Tilbudsfrist er sett til 16.12.16 kl. 12.00.

Tilbudet skal være oppdragsgjevar i hende på innleveringsstaden før utløpet av tilbudsfristen. For seint innlevert tilbud vil bli avvist. Dette gjeld òg om forseinkinga skyldast tredjepart (posten, bodfirma, etc.).

4.4 Vedståingsfrist

Leverandørane er bunde av tilbudet til 27/01/17 klokken 23:00.

4.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.

4.6 Innsyn i dokument

Ålmenta har rett til innsyn i tilbud og protokoll etter at tilbydar er valt – sjå lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) § 3-5. Oppdragsgjevaren er pålagt å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

I tilbudet må det gå klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 3-6, eller som av andre grunnar skal vere unnatekne frå innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam på at informasjon frå tilbydaren berre er rettleiande, då oppdragsgjevaren pliktar å gjere ei sjølvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentleglova.

5 Vedlegg

Vedlegg 1: Kontraktvilkår